

Notat før oppstartsmøte, Sauda kommune


I samband med eit VA-prosjekt Omega 365 Areal har for Sauda kommune v/teknisk avdeling, er me engasjert for å sjå på moglegheit for å få regulert turveg/strandpromenade i område det nå skal leggest nye VA-leidningar. Som innleiing til oppstartsmøtet har me samla litt informasjon om planarbeidet med utgangspunkt i *Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering, §1. – Krav til planinitiativet*


Gards- og bruksnummer	22/155 (Rogaland fylkeskommune). I tillegg er det nokre mindre kommunale og tre private eigedommar som vil inngå i planområdet.
Forslagsstillar	Sauda kommune v/teknisk avd. - Arve Ripland
Grunneigar(ar)	Sauda kommune m.fl.
Fagkyndig (firma og person)	Omega 365 Areal AS, v/ Elisabeth Silde og Kjerstina Særsten
E-post kontaktperson	Elisabeths@omega.no , kjerstina@omega.no

Skildring av planinitiativet:

jf. Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering, §1. – Krav til planinitiativet

a) Føremålet med planen	Det er eit ønske om å etablere ein turveg/strandpromenade langs Saudafjorden i samband med at det skal leggest nye VA-leidningar i grunnen i dette området. Det er planlagt fylling i sjø på deler av strekninga. Grunna tunnelprosjekt i Honganvik, og at ein innan kort tid får overskotsmassar frå dette prosjektet, gjer det at ein ynskjer ei rask planavklaring for å sleppe mellomlagring av massar.
b) Planområdet, og vil planarbeidet få verknadar utanfor planområdet	Området ligg langs sjø på sørsida av Saudavegen, mellom industriområdet Saudasjøen og nesten heilt til båthamna i Sauda sentrum ved Treaskjæret næringsområde. Strekingen som planarbeidet skal omfatte er på ca 1,2 km. Turvegen vil gå over nokre private eigedommar, og Sauda kommune v/teknisk har vore i dialog med fleire av desse allereie. Det kan bli aktuelt å


	<p>sjå på moglegheitene for å samtidig legge til rette for desse om dei har nokre ynskje for side eigedommar.</p> <p>Tiltaket vil medføre utfylling i sjø, og verknadane av dette vil bli vurdert gjennom planarbeidet. Sauda kommune har vore i dialog med Statsforvaltaren når det gjeld utfyllinga i sjø, og søknaden etter Forureiningsforskrifta ser me føre oss at skal gå parallelt med planarbeidet. Me veit at det er utført utfylling i sjø i den vestlege delen av planområdet frå før. Statsforvaltaren har meldt tilbake at det må utførast sedimentundersøkingar og at biologisk mangfald vert vurdert spesielt.</p> <p>Forholdet til fylkesvegen må også avklarast gjennom planarbeidet. Blant anna må det vurderast byggjeavstand frå fylkesvegen. For å unngå for stor utfylling i sjø, ynskjer me å legge turvegen så nært opp til fylkesvegen som mogleg, men at det likevel vert teke omsyn til at det skal vere ein turveg/strandpromenade med kvalitet.</p>
<p>c) Planlagt busetnad, anlegg og andre tiltak</p>	<p>Det er ikkje per i dag planlagt å legge til rette for bygningar i området, men dette er noko me vil drøfte med kommunen og vurdere vidare, knytt til at det er private strandeigedommar innanfor området.</p>  <p style="text-align: right; font-size: small;">prosjekt1</p>
<p>d) Utbyggingsvolum og byggehøgder</p>	<p>Ikkje aktuelt.</p>
<p>e) Funksjonell og miljømessig kvalitet</p>	<p>Det er ein ynskje om å kople Saudasjøen og Sauda betre saman med ein turveg langs sjø, og få kople saman eksisterande turtrasear og friluftslivsområde til eit samanhengande friluftsområde. Omsynet til allemannsretten og naturkvalitetar skal prioriterast og ivaretakast på ein god måte.</p>

<p>f) Tiltaketets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnadar</p>	 <p><i>Utsnitt av visualisering av tiltaket, laga av Prosjekt AS</i></p>
<p>g) Forholdet til kommuneplan, evt. gjeldande reguleringsplanar, retningsliner og pågåande planarbeid</p>	<p>Området er i kommuneplanen sin arealdel i hovudsak avsett til friområde, og det er innteikna juridisk linje for framtidig turveg langs heile strekninga der det frå før ikkje er eksisterande turveg. Sjå utsnitt til sist i dokumentet. Me legg til grunn at planarbeidet er i tråd med overordna plan.</p> <p>Det er ynskje om å regulere turvegen fram til avkøyrsla til Treaskjæret næringsområde, eit område med ein eldre gjeldande reguleringsplan (PlanID 1977002). Forhold til dette og grunneigarar i området vil bli vurdert vidare.</p> <p>Det er også ein eldre plan for deler av fylkesvegen (PlanID 1984003) som vil grensa til planområdet.</p> <p>I vest vil deler av gjeldande plan for Saudasjøen industriområde (PlanID 1979001) delvis bli erstatta av planforslaget.</p>
<p>h) Vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet</p>	<p>SI-glasstranda er verdsett friluftslivsområde. I same område finn ein og fleire krigsminne knytt til Nordag-utbygginga, som er kommunalt listeført kulturminne. Fyrlykta er også eit kjennemerke som ligg innanfor planområdet.</p> <p>Saudafjorden er nasjonal laksefjord, og planområdet inngår i fredingssone for anadrom fisk. Fjorden er også gyteområde for torsk.</p> <p>I sjø er det registrert leveområde for andefugl. Trua artar som lomvi (CR), gråmåke (VU) og sjørre (VU) er registrert innanfor planområdet dei siste 10 åra. Storskarv (NT) og tjeld (NT) er også registrert. Framandartane kanadagås og platanlønn er registrert i området.</p>
<p>i) Korleis ivareta samfunns-sikkerheit, blant anna gjennom å førebygge risiko og sårbarheit</p>	<p>Det er registrert fleire steinskredhendingsar i nærområdet, og det ligg aktsemdområder for flaum og skred i området. Det er i samband med dette prosjektet føretatt geotekniske undersøkingar i sjø, som vil bli vurdert vidare i planarbeidet. Det vil bli utarbeida ROS-analyse der naturfare og menneskeskapte hendingsar vil bli kartlagt i høve å identifisere eventuelle</p>

	<p>uønska hendingar, og vidare vurdere eventuelle førebyggjande og skadebegrensande tiltak.</p>
<p>j) Offentlege organ og andre interesserte skal varslast om planoppstart</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Rogaland Fylkeskommune • Statsforvaltaren i Rogaland • Statens vegvesen • NVE • Mattilsynet • Fagne • Sauda kommune • Stavanger maritime museum • Fiskeridirektoratet • Kystverket
<p>k) Prosess for samarbeid og medverking frå myndigheiter, grunneigarar, festarar, naboar og andre.</p>	<p>Sauda kommune v/teknisk avdeling er forslagsstillar. Dei vil vere aktivt involvert i prosessen. Private grunneigarar vil også bli involvert i prosessen. Me vil elles informere naboar og andre vedkomne med varslingsbrev, og kunngjere oppstart av planarbeidet i minst ei avis og på nettsida til Sauda kommune.</p>
<p>l) Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing. Korleis er i tilfelle krava ivaretekne?</p>	<p>Me kan ikkje sjå at planen vil vera omfatta av konsekvensutgreiing, sjå vurdering under.</p>
	<p>Sjå figurar under.</p>



Figur 1: Utsnitt av kommuneplanen i området. Kjelde: kommunekart.com



Figur 2: Utsnitt av planområdet med omtrentlige plangrenser teikna på. Endeleg avgrensing vil me sjå nærare på
Kjelde: kommunekart.com

Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing

Vurdering etter §6-§10 i forskrifta

Tiltaket er ikkje omfatta av krav etter KU-kravet i §6 eller §7.

§8 i forskrifta omtalar planar/tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. §8 a) omhandlar tiltak i vedlegg II.

Tabell 1 Relevante kriteria for vurdering ved etablering av turvegen.

	Planar og tiltak	Kommentar
10.	INFRASTRUKTURPROSJEKTER	
j)	Vannledningsanlegg over større avstander.	Ca 1,2 km
k)	Bygging av erosjonsforebyggende kystanlegg og vannbygging til sjøs som kan medføre endringer av kysten, f.eks. diker, moloer, sjeteer og andre bygg til vern mot havet, bortsett fra vedlikehold og gjenoppbygging av slike anlegg.	Tiltaket vil medføre endringar av kystlinja, men slik dette punktet er formulert vurderer me at tiltaket ikkje er omfatta av dette, då det ikkje er snakk om «vern mot havet»
11.	ANDRE PROSJEKTER	
k)	Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m3 masse	Førebelse er det antatt massar på 13 000 m3 til dette tiltaket.

7.1.3 Vurdering etter §10 i forskrifta

For å vurdere om planlagde tiltak etter vedlegg II. kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal dei vurderast etter kriteria i §10.

Tabell 2 Vurdering knytt til om planlagde tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Eigenskapar ved planen/tiltaket	
a. størrelse, planområde og utforming <i>Planområdet er langstakt og ligg mellom fylkesveg og strandlinja mellom Saudasjøen og Sauda. Grunna behov for noko meir breidde for å få etablert turvegen, er det naudsynt med noko utfylling i sjø på delstrek langs traseen. Det er frå før fylt ut i sjø både i nordaustleg del av planområdet (Treaskjæret), sjå eldre foto under, og i vest (Tråsavika/Nesøyra).</i>	
b. bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser <i>Nedsprenkte massar i samband med utbetring av eksisterande tunellar på Saudavegen kan nyttast til utbygging av turvegen.</i>	
c. avfallsproduksjon og utslipp <i>Utfylling i sjø kan medføre partikkelspreiing og oppvirvling av sediment. Negative konsekvensar av dette vil kunne avgrensast med varsam utfylling, då det er antatt å vere grunt til sjø slik at massane kan leggest med gravemaskin. Etter dialog med Statsforvaltar angående utfyllinga i sjø, er det komme krav til sedimentundersøking i sjø i samband med tiltaket.</i>	
d. risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer. <i>Det er ikkje noko som tilseier fare for alvorlege ulukker og/eller katastrofar som følge av tiltaket.</i>	
Kan planen/tiltaket medføre eller kome i konflikt med	Ja/nei
a. verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven <i>Heile Saudafjorden er nasjonal laksefjord, og det er registrert fleire raudlista fuglearter (bla. lomvi) i området. Statsforvaltar har bedt opp oppdatert kunnskapsgrunnlag/kartlegging av biologisk mangfald i samband med utfyllingssøknad. Tiltaket vil beslaglegge berre ein liten del av sjøområda, og me kan ikkje sjå at tiltaket vil forringe forholda for fugleliv i området. Fylkesvegen med gang- og sykkelveg på innsida går parallelt med planområdet frå før, og bidreg med dette til ein del ferdsle i området i dag.</i>	ja
b. truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv <i>Sjå punkt a)</i>	ja
c. statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.	delvis*
d. større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet	nei**
e. økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	nei
f. konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning	nei
g. vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	nei
h. risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.	nei

*Tiltaket vil ligge i 100m-beltet.

** Etablering av turveg innanfor areal avsett til friluftsføremål er vurdert å vera i tråd med føremålet, og traseen ligg inne som juridisk linje i kommuneplanen. Tiltaket vil betre tilgjenga til eksisterande friluftslivsområde.

I vurderinga skal det i tillegg visast til verknadane sin intensitet, kompleksitet, sannsyn for at desse inntreff (og kva tid). Varigheit, hyppigheit og moglegheit for å reversere/avgrense dei. Planlagd tiltak er ikkje vurdert å vere av særleg komplisert art. Turvegen vil gå parallelt med fylkesvegen og soleis er det allereie mykje trafikk/ferdsle i området i dag.

Dei samla verknadene er stort sett knytt til grad av utfylling i sjø og omsynet til biologisk mangfald på land og i sjø. Verknadane vil vere størst i etableringsfasen, og ny kunnskap om naturverdiar og undersøkingar av massar i sjø vil kunne seie noko om kva som må takast omsyn til gjennom planarbeidet og vidare utføring.

Det vert på bakgrunn av vurderingane over vurdert at planen ikkje er konsekvensutgreiingspliktig etter vedlegg II, men at ein får gjort ei vurdering av verknadane gjennom kunnskapsinnhenting og vurdering etter naturmangfaldlova.

